

SAKSFRAMLEGG

Til:
Programstyret for medisin

Møtedato:
26.10.2022

Sak:

Vurdering av dagens kvoteinndeling - samisk kvote på Profesjonsstudiet medisin

Innstilling til vedtak:

Programstyret i medisin støtter dei ovannemnde forslaga:

- auka ordinær samisk kvote til profesjonsstudiet i medisin ved UiT frå 2 til 4 plassar
- oppretting av samisk førstegongsvitnemålsskvote til profesjonsstudiet i medisin ved UiT (2 studieplassar)

Under føresetnaden at den nye kvoteordninga for søkjarar med samisk bakgrunn vert gjeldande til studieopptaket i 2023 ber programstyret ELU evaluere kvoteordninga etter 5 år, altså etter studieåret 2027/2028.

Bakgrunn:

Vi viser til Tildelingsbrev for 2022 – Universitetet i Tromsø Norges arktiske universitet, fra Kunnskapsdepartementet, datert 21. september 2021 (ephorte 21/6378-1 side 15).

Kunnskapsdepartementet viser til at universitetet i statsbudsjettet for 2022 er tildelt 15 nye studieplasser i medisin. Departementet ber om at universitetet foretar en vurdering av dagens kvoteinndeling, særlig med tanke på en mulig utvidelse av kvoten for samiske søkere, og kommer tilbake til departementet med en anbefaling med sikte på mulig endring for opptaket i 2023.

På medisinstudiet er det fastsatt 2 kvoteplasser til samiske søkere, dette tallet er uendret også etter økning i antall tildelte studieplasser. Til sammenligning er antall kvoteplasser på helsefaglige profesjonsutdanninger 10 %. På program hvor kvoten er fastsatt i prosent vil antall kvoteplasser automatisk justeres ut fra totalt antall studieplasser.

Vi ber om følgende innspill fra Institutt for klinisk medisin:

1. Deres vurdering av dagens kvoteordning, i henhold til Kunnskapsdepartementets anmodning
2. Er det ønskelig å justere størrelsen på den samiske kvoten, og hvorfor?
3. Hvis det er ønskelig, hvordan bør kvoten fastsettes? Bør man justere antall plasser, eller bør man fastsette kvoten i prosent? I så fall, hvor mange prosent av plassene bør fastsettes til denne søkergruppen?

Innspel:

1. Dagens kvoteordning

Medisin profesjonsstudium ved UiT har i siste opptak (hausten 2022) 151 studieplassar. Desse er fordelt i 4 ordinære kvoter (konkurransespoeng) og 3 førstegongsvitnemålskvoter (førstegongsvitnemål med skolepoeng, inntil fylte 21 år i søkeåret):

- Ordinær opptakskvote (konkurransespoeng) – 40% av studieplassar
- Ordinær førstegongsvitnemålskvote (skolepoeng) – 50% av ordinær kvote
- Nordnorsk kvote (konkurransespoeng) – 60% av studieplassar
- Nordnorsk førstegongsvitnemålskvote (skolepoeng) – 50% av nordnorsk kvote
- Nord-Troms- og Finnmark-kvote (konkurransespoeng) – 8 plassar av nordnorsk kvote
- Samisk kvote – inntil 2 studieplassar av nordnorsk kvote

Programstyret meiner dagens kvoteordning i det store og heile fungerer etter hensikten. Samisk kvote bør imidlertid oppjusterast, og førstegongsvitnemålsøkarar inkluderast som i dei øvrige kvotene. I tillegg bør dei samiske kvotene vere tilknytta dei ordinære opptakskvotene for å reflektere at samiske søkjarar til profesjonsstudiet i medisin ved UiT ikkje treng å ha nordnorsk opphav.

2. Er det ønskelig å justere størrelsen på den samiske kvoten, og hvorfor?

Samisk kvote (2 studieplassar per år) har vore uendra over lang tid. Med den relativt store auken i antal studieplassar i medisin ved UiT dei siste åra (+51% sidan 2004) er det naturleg å vurdere oppjustering av samisk kvote. Samisk legeforening ved UiT beskriv behovet for samisktalande helsepersonell og helsepersonell med samisk kulturforståing som stort, noko programstyret ønskjer å vise at UiT tar på alvor.

3. Hvis det er ønskelig, hvordan bør kvoten fastsettes?

Programstyret meiner a) det bør opprette ein kvote for samiske førstegongsvitnemålssøkjarar, og b) at ordinær samisk kvote bør aukast frå dagens 2 studieplassar.

Vårt forslag er å allokere 2 studieplassar til samiske førstegongsvitnemålssøkjarar, og å auke antal studieplassar i ordinær samisk kvote frå 2 til 4 studieplassar. Dette gir samiske søkjarar til profesjonsstudiet i medisin ved UiT tilsaman 6 studieplassar, ein auke på +200% frå hausten 2021.

Maja-Lisa Løchen
instituttleder IKM

—
maja-lisa.lochen@uit.no
77644840

Isak Måseide
seniorrådgjevar

—
isak.maseide@uit.no
77644294

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur